



Rapporterings skjema

Referansenummer: NNDZ2W

Registrert dato: 2008-12-31 13:14:13

Innleiing
Rapport for ""
Kva type rapport ynskjer du å levere <input type="radio"/> Undervegsrapport <input checked="" type="radio"/> Sluttrapport
Referansenummer VPV4JB

Organisering av prosjektet
Har det skjedd endringar med omsyn til desse punkta
Endring i prosjektorganisering
Prosjektorganisering <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Endring av prosjektdeltakarar
Prosjektdeltakarar <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Endring av kontaktperson
Kontaktperson <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Endring av prosjektleiar
Prosjektleiar <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Endring av prosjektansvarleg
Prosjektansvarleg <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei

Hovudmål for prosjektet
Har det skjedd endringar når det gjeld hovudmålet for prosjektet <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei

Framdrift for prosjektet
Har det skjedd endringar når det gjeld framdriftsplan for prosjektet (prosjektplan) <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei

Beskriv endringane som gjeld framdrifta i prosjektet

Delmål 1: Denne aktiviteten har kravd meir innsats en føresett i prosjektplanen. Infrastrukturen i form av NHN sine ruter er på plass. Det skal berre vere no for leverandør av kommunikasjonsløyning å sette opp løyning rett teknisk, og for IT-avdeling i kommune eller internkommunalt selskap å rute trafikken riktig. Nordfjord har fått til å samordna ruting sjølv. I Sunnfjord leigde dei linjer av ein ekstern leverandør, som ikkje kunne levere rett grad av sikkerheitsløyning før mot sommaren 2008. I Sogn fekk dei løyste dei tekniske utfordringane i samarbeid med leverandørar først på seinsommaren 2008. Det er viktig å skilje mellom dei som er oppkopa teknisk og som har e-postadresser hos NHN. Og dei andre som har etablert nødvendig e-postkasse og kan sende meldingar. Infrastrukturen via kommunane er klare, men står difor att å gjere ein jobb på det einskilde legekantoret.

Delmål 2: Dei tre pilotane som var ein føresetnad for utrulling vart først ferdigstilt i desember 2008. Helse Førde er no klar til å rulle ut till nye kommunar. Tre informasjonsmøte vert gjennomført 20, 21 og 22. januar 2009 på Nordfjordeid, Sogndal og i Førde, eHelse nettverket er medarrangør. I staden har prosjektet bidrege til å leggje til rette for at breidding av løyninga no er muleg. Mellom anna ved å ha bidrege til oppkopling til NHN no er på plass. Ved å bidra til utvikling og ferdigstilling av samarbeidsavtale samt handbøker og rettleiing for legekantor/kommunar og Helse Førde i samband med etablering og drift av meldingsutvekslinga. Handbøkene og rettleiinga er vedlegg til ein samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommune /legekantor. I handbøkene er mellom anna rutinar for oppstart og drift samt ei samling skjema. Dokumenta er basert på erfaring frå arbeidet i piloten. Dokumentet har også vekt interesse hjå Helsedirektoratet og er eit viktig produkt som prosjektet og eHelse nettverket håpar kan bli ein nasjonal mal. Sluttrapport for Elin-k pilot i Stryn/Nordfjord vart levert 06.06.2008. Men nasjonale Elin-k pilotar har ikkje nådd sine målsettingar og dette har påverka framdrifta også for Stryn, som no har lagt tilrette for fleire meldingstypar. Det er oppretta arbeidsgrupper i mange kommunar, desse står klar til å gripe fatt i muligheiten til å rulle ut/ta i bruk nye elektroniske meldingar. Mange kommunar melder at dei står klar til å ta i bruk meldingsutveksling og dei ventar berre på å få sleppe til. Men vi forventar ikkje at der er mogeleg å berre "rulle ut". Basert på erfaringane forventar vi framleis både tekniske og organisatoriske problem eller utfordringar.

Delmål 3: Informasjon om prosjektet er gjort kjend i ulike samanhengar, sjå nærare under Erfaringsformidling.

Er det endring i høve planlagd sluttdato for prosjektet

Ja Nei

Finansiering

Har det skjedd endringar når det gjeld finansieringa av prosjektet

Ja Nei

Prosjektet vert vidareført med ein ny søknad

Ja Nei

Erfaringsformidling

Har det skjedd endringar når det gjeld formidling av erfaringar til andre

Ja Nei

Beskriv endringane som gjeld formidling av erfaringar til andre

Informasjon om prosjektet er gjort kjend i ulike samanhengar. Referat frå møte i eHelse arbeidsgruppa vert distribuert i dei regionale nettverka. Deltaking og presentasjon på IT forum 2007, der eHelse nettverket var medarrangør. Presentasjon på Kommunekonferansen 24-25 mai 2008. Presentasjon på konferansen NEON dagane i Tromsø i November 2008. Stand under IT forum 2008.

Det har vore tett dialog med Helsedirektoratet og det Nasjonale meldingsløftet. Samarbeidsavtalen med handbøker og rettleiing er presentert for Helsedirektoratet og dei som arbeider med meldingsløftet nasjonalt og i regionane. Artiklar og informasjon på www.it-forum.no.

Informasjonsbrev sendt ut til alle kommunar og legekantor frå Helse Førde i desember 2008. Eit anna viktig dokument for erfaringsformidling er samarbeidsavtalen med handbøker og rettleiing som gir viktig informasjon til nye kommunar/legekantor. I tillegg vil prosjektet delta under informasjonsmøta i januar med informasjon og erfaring.

Sekretariatet deltok våren 2008 på IKT- samling for Sogn med dei tekniske kontaktpersonane i kommunane, og vi informerte om prosjektet og bakgrunn og behovet for organisering av lokale arbeidsgrupper.

Vidare kontaktinformasjon for prosjektet (gjeld berre sluttrapportering)

Oppgje informasjon for kontaktpersonane i prosjektet, og kva rolle dei har i høve prosjektet.

Førenamn	Etternamn	Epostadresse	Telefon	Rolle
Johnny	Hove	johnny.hove@stryn.kommune.no	57874731	Leiar eHelse /Regionsrepresentant Nordfjord
Erik M	Hansen	erik.hansen@helse-vest-ikt.no		Medlem eHelse/Leiar HV IKT
Gunnar	Steine	gunnar.steine@leikanger.kommune.no		Medlem eHelse/Regionsrepresentant Sogn
Magni	Håvardstun	magni.havardstun@forde.kommune.no		Medlem eHelse/Regionsrepresentant SYS
Dagfinn	Lorgen	dagfinn.lorgen@helse-forde.no		Medlem eHelse
Tove	Hovland	tove.hovland@helse-forde.no		Medlem eHelse
Björg Eikum	Tang	Bjorg-Eikum.Tang@fmsf.no		Medlem eHelse
Arne	Myrekrok	arne.myrekrok@helse-forde.no		Prosjektleder Helse Førde-pilot/ Leiar HF IKT
Øyvind Heimset	Larsen	oyvind.heimset.larsen@vestforsk.no	97106454	Sekretariatet IT-forum og kontaktperson for prosjektet
Ingjerd	Skogseid	ingjerd.skogseid@vestforsk.no	91696016	Medlem eHelse

Forklaring til felta

Referansenummer

Gjer vel å fylle inn referansenummeret som du har fått tildelt ved innsending av søknaden

Har det skjedd endringar når det gjeld framdriftsplan for prosjektet (prosjektplan)

Oppgje om framdrifta i prosjektet er i høve planen som vart levert med prosjektsøknaden. Dersom planlagd start- eller sluttdato er endra, ber vi om at dette vert oppgjeve under.

Har det skjedd endringar når det gjeld finansieringa av prosjektet

Beskriv kva endringar som eventuelt har skjedd, og korleis desse påverkar prosjektet i høve finansieringa av prosjektet.

Beskriv endringane som gjeld finansieringa av prosjektet

Beskriv kva endringar som eventuelt har skjedd, og korleis desse påverkar prosjektet i høve finansieringa av prosjektet.

Har det skjedd endringar når det gjeld formidling av erfaringar til andre

Beskriv kva endringar som eventuelt har skjedd, og korleis desse påverkar prosjektet i høve formidling av erfaringar frå prosjektet til andre.

Beskriv endringane som gjeld formidling av erfaringar til andre

Beskriv kva endringar som eventuelt har skjedd, og korleis desse påverkar prosjektet i høve formidling av erfaringar frå prosjektet til andre.